

Referat

Årsmøte i Nordhordland Veteranbåtlag på Ostereidet laurdag 28. Mars 2009

Etter innkalling møtte 34 medlemmer av NHVL til Årsmøte i laget, laurdag 28. Mars 2009. Kl. 1400 opna formann i NHVL, Tor J. Bjørgås møtet med å ynskja dei frammøtte hjarteleg velkomne..

Før saklista tok til, minna formannen laget om at sidan forrige årsmøte var 2 av lagets markante medlemmer gått bort, det var.:

-Leif H. Askeland Æresmedlem

-Johan Mostraum Kaptein

Det vart lese ein kort CV over dei døde, som vart minna med 1 minutts stillheit.

Sakliste

1. Det var ingen merknad til innkallinga
2. Vidar Lehmann vart vald til ordstyrar
3. Karstein Stene vart vald til referent, Arthur Brekke og Svein Mostraum underteikna protokollen.
4. **Årsmeldinga.:**

Formannen las opp årsmeldinga. Denne var svært god og omfangsrik skrive. Det vart, frå salen, bede om at det var gjennomgått punkt for punkt, og på spørsmål frå salen om inntekter vart det gjeve gode svar. Det er dei offentlege tilskota som er notert som tilskot, private sponsorar er ført under "Annen driftsinntekt"

100 års markeringa. Den har vist seg å vera god PR for NHVL og D/S OSTER

Jubileumsfrimerker. Arthur Brekke fortalde at det var ein god del frimerker til seinare bruk.

Tore Tveit.: Han kjem i sumaropphaldet for å nata dekk.

Teknisk tilstand.: Årsmeldinga gav detaljerte opplysningar om den tekniske tilstand D/S OSTER er i, både m.o.t. maskin som det tekniske elles.

Styret hausta gode ord for sitt arbeid, det var sagt at om vedlikehaldet held på slik som no, ja då kan D/S OSTER feira 200 års jubileum, når so langt kjem!

Maskinistutdanning.: Det var gjort greie for maskinistutdanninga for dampmaskinistar som skal starta opp til hausten 2009 på Bergen Maritime Skole. Kurset er for NHVL og Veteranbåtlaget Fjordabåten.

Kjelefondet.: Medlemene gav uttrykk for at dei var fornøgd med at kjelefondet hadde opparbeidd seg so stor kapital som fondet no har. Kjelen på D/S OSTER er 52 år og eingong i framtida må den skiftast ut, noko som vil medføra store kostnader.

Rekneskapen.: Rekneskapen vart gjennomgått og godkjent. Formannen sa frå om at i 2009 ville inntektene verta mindre enn i 2008, då me hadde ekstra inntekter p.g.t. 100 års jubileet.

5. **Kaffipause.** Hjarteleg TAKK til trisene med Ragnhild i spissen!
6. **Æresmedlem.** Etter innstilling frå styret vart **Magne Angelskår** utnemnd til æresmedlem. Flott!
7. **Rekneskap/revisjon.:** Hjordis Lillejord har sagt opp som rekneskapsførar. Formannen har fått avtale med **ØcoNord AS v/ Asle Hindenes** som vil føra rekneskapen for NHVL. Stor takk til Hjordis for godt arbeid gjennom mange år.

Revisjonen.: Etter avtale mellom formannen og Asle Hindenes ønske sistnemnde at Deloitte AS v/revisor Oddvar Sundsbø held fram som lagets revisor. Medlemsmøtet godkjende dette.

8. Val.:

Magne Hellan styrde valet, og dette fekk følgjande utfall.:

-styreleiar	Tor J. Bjørgaas	Ostereidet	Lindås
-nestleiar	Odd Tepstad	Tepstad	Osterøy
-Styremedlemer.:			
-Svein Mostrau		Ulset	Bergen
-Vigdis Markussen		Knarvik	Lindås
-Jan Ove Krossnes		Flatøy	Meland
-Knut Arne Høyland		Åsane	Bergen
-Per Ove Mostrau		Fjell	Fjell
-Varamedlemer.:			
-Kari Færø		Austfjorden	Lindås
-Jan Ottar Ulvøy		Rebnor	Austrheim
-Kjell H. Nedreaas		Askelandsvåg	Lindås
Valnemnd.:			
-Finn Guldbrandsøy		Eknes	Lindås
-Magne Hellan		Romarheim	Lindås
-Atle Haukøy		Tyssebotnen	Osterøy


9. Kontingent for 2010

Kontingenten vart samrøystes vedteken skal vera Kr. 250.- for medlemane., som no.

10. Arbeidsprogram for 2009/10

Bortsett frå båtvedlikehald og sesongdrift av D/S OSTER er det viktigaste program framover dette med den ovannemnde maskinistutdanninga. Dette vert 2 kveldar for veka i haust- og vinterhalvåret. Dette er mest teori, det er lagt mykje vekt på sjølvstudium. For å få sertifikat som dampmaskinist på veteranbåt, må ein ha fartstid på D/S OSTER

Då må ein få seia som i skulestilane.: ”alle var samde om at dette hadde vore eit gildt årsmøte”



Karstein Stene
referent



Arthur Brekke



Svein Mostrau